



## MØTEINNKALLING

Arkivsak: 12/150

Løpenummer: 12/892

**Utval:** Formannskapet

**Møtestad:** Kommunesetnet

**Møtedato:** 22.02.2012

**Tid:** Kl. 16:00

**Forfall eller inhabilitet:**

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida [www.fusa.kommune.no](http://www.fusa.kommune.no) og på biblioteket, Kommunesetnet, Eikelandssosen.

### Saksliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
002/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 24.11.2011, 28.11.2011 OG 05.01.2012
003/12	KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK
004/12	SAMHANDLINGSREFORMA - TENESTEAVTALE FOR SAMARBEID OM INNLEGGELSE I OG UTSKRIVING FRA SPEISALISTHELSETJENESTEN INNEN SOMATISK SEKTOR
005/12	AVTALE OM SAMARBEID MELLOM FUSA OG SAMNANGER KOMMUNE OM BRANNVERN VERT AVSLUTTA
006/12	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19
007/12	SLUTTRAPPORT ETTER TILBYGG/OMBYGGING VED HELLEMYRA BUFELLESSKAP
008/12	UTBYGGING AV VEG OG LEIDNINGSANLEGG PÅ HOLMEFJORD - SLUTTRAPPORT

- 009/12 SLUTTRAPPORT VEDR. NYTT VENTILASJONSANLEGG  
STRANDVIK SKULE
- 010/12 UTBYGGING AV VASSINNTAK OG INNTAKSBASSENG PÅ  
HELLAND - SLUTTRAPPORT
- 011/12 UTBETRING AV VEG TIL HÅVIK - SLUTTRAPPORT
- 012/12 UTBYGGING AV LEIDNINGSANLEGG PÅ KOLDAL -  
SLUTTRAPPORT
- 013/12 UTBYGGING AV VASSRENSANLEGG PÅ HELLAND -  
SLUTTRAPPORT
- 014/12 SLUTTRAPPORT ETTER TILBYGG / OMBYGGING VED FUSA  
SKULE
- 015/12 SØKNAD OM SKJENKELØYVE I SAMBAND MED ENDRA  
EIGARFORM .M.M
- 016/12 DELEGERTE SAKER
- 017/12 SKRIV OG MELDINGER
- 018/12 PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET - RAPPORT PR  
7.2.2012
- 019/12 ÅRSRAPPORT 2011 FRÅ FUSA UTVIKLINGSSELSKAP AS
- 020/12 BIR- INNFØRING AV VALNEMND
- 021/12 INVITASJON TIL DELTAKING I SELSKAPET  
HARDANGERVEGEN AS
- 022/12 KLIENTSÅK - UTGIFTSDEKNING MELLOM 2 KOMMUNAR  
U.off. § 13, §13 (vert ettersendt .)

Eikelandsosen, 14. februar 2012

---

Hans S. Vindenes  
Ordførar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

<b>Saksnr</b>	<b>U t v a l</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
002/12	Formannskapet	22.02.2012	HOP

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ MØTA 24.11.2011, 28.11.2011 OG 05.01.2012

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Møtebøker frå møta 24.11.2011, 28.11.2011 og 05.01.2012 vert godkjend.

**Saksframstilling:**

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokollar frå møta 24.11.2011, 28.11.2011 og 05.01.2012

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		ALA
003/12	Formannskapet	22.02.2012	ALA

**Sakshandsamer:** Anne-Lise Aaseng

**Arkivsaknr** 11/690

## KONSEKVENSVUDERING AV BUDSJETTVEDTAK

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tilsetningsstoppen vert oppheva frå 8.3.2012.

Innsparingane knytt til Eikelandsosen skule og Jettegryto barnehage vert fordelt på alle skulane med kr 100 000 og alle barnehagane med kr 100 000 etter same prinsipp som i ressursfordelingsmodellen for skule og for barnehage. Rådmannen får fullmakt til å fastsetja nye nettorammer for dei berørte einingane.

Kommunestyret får ein presentasjon før ferien av prosjekt kommunen jobbar med knytt til samhandlingsreforma. Det politiske systemet definerer nærare prosess og føremål med at konklusjonane i skulebruksplanen og velferdsplanen, gode kår i alle år, skal handsamast politisk våren 2012.

Økonomiplanen viser ein kraftig ubalanse frå og med år 2013 sjølv etter budsjettvedtaket og investeringsstoppen. Rådmannen og Formannskapet har dialog om korleis ein skal få ein god økonomiplanprosess.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysningar:

Kommunestyret vedtok på møtet i desember 2011 ein del innsparingar for 2012. Nokre av innsparingstiltaka har etter dette vore til avklaring i Formannskapet, medan ein del av innsparingane ikkje var konsekvensvurderte til det møtet. Dette gjeld innsparingar på eining 14 Byggesak, oppmåling, brann, 18 Legetenesta, 24 Jettegryto barnehage, 25 Eikelandsosen skule, 42 Teknisk drift og 60 Landbruk. I saka freistar vi gje svar på kva tiltak einingane kan setja i verk for å realisera nedskjeringane i Kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2012, kva som vil vera realistisk verknadsdato og kor stor innsparingseffekten vil vera i 2012 og 2013. Konsekvensane er vurdert ved å sjå på vesentlege ulemper og føremoner tiltaka objektivt sett vil føra med seg for brukarar og for tilsette/Fusa kommune.

## Vurdering:

### **Eining: 14 Byggesak, oppmåling, brann**

*Kommentar: Når det gjeld byggesak og i stor grad også oppmåling, er stillingane her direkte knytt opp mot inntekter som finansierer stillingane. Fjernar ein stillingar fell ditto inntekter vekk, innafor byggesak fell også høve til styring vekk, i og med at ein søknad/plan vert rekna som godkjend dersom svarfristen overstig tre veker. Oppmåling er berre nesten fullfinansiert med gebyr, restressursane går til oppdateringar av register mv. som kommunane er pliktige til å gjera. Skal det sparast på stillingar, kan dette skje innafor planområdet, men det er uforeineleg med alt planarbeidet som er i gang.*

#### **Innsparingskrav: Kr 250 000**

<b>Tiltak</b>	<b>Verknad frå</b>	<b>Innsparing 2012 (kr)</b>	<b>Innsparing 2013 (kr)</b>
1) Avslutta brann-samarbeid med Samnanger, med eigen brannsjef (eiga sak til denne møterunden)	01.01.2012	77 000	77 000
2) Redusera bruk av rådgjeving frå geolog i plan- og byggesaker	01.01.2012	50 000	50 000
3a) Redusert service og vedlikehald av bilar og utstyr, kurs, kontor-materiell o.l. med 17%.	01.01.2012	123 000	123 000
3b) Nedbemanning overordna planarbeid			

#### **Tiltak 1: Avslutta brannsamorbeid med Samnanger**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette</b>
Betre teneste til brukarane	Betra arbeidssituasjon

#### **Tiltak 2: Redusera bruk av rådgjeving frå geolog i plan og byggesaker**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune</b>
Tilstrekkeleg utgreiing/rådgjeving i skredutsette område vil ikkje bli gjeve.	Tilsette får ikkje høve til å gjera ei tilstrekkeleg sakshandsaming for plan og byggesaker. Verutviklinga og innskjerpingar i Plan- og bygningslova gjer at dette er eit uheldig tiltak, som kan føra til at løyve vert gitt i rasutsette område, med framtidige økonomiske konsekvensar for kommunen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

### Tiltak 3a: Redusert service og vedlikehold av bilar og utstyr, kurs, kontormateriell o.l. med 17%

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Fusa kommune vil ikkje kunna oppretthalda godkjend brannberedskap i Fusa med dei følgjer det vil få. Næringslivet vil få merkbar auke i forsikringspremien. Tilstrekkeleg rettleiing til brukarane vil skje i mindre gard.  Kr 30 000 av summen gjeld kontormateriell o.l. og kan sparast utan dramatiske konsekvensar.	Tilsette får ikkje oppdatert seg fagleg. Fusa kommune vil ikkje oppretthalda godkjend brannberedskap. Avtale med Statens vegvesen om at Fusa kommune held kompensierende utstyr "first seven" på brannbil for beredskap i Moshovdatunnellen vil ikkje kunna oppretthaldast. Innsatstid (10min) ovanfor Fusa bu- og behandlingssenter vil ikkje kunna oppretthaldast, med konsekvens stenging av FBBS.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

### Eining: 18 Legetenesta

#### Innsparingskrav: Kr 300 000

Vi er i ein prosess der vi står nett føre forhandlingar med fastlegane vedkomande avtalen om økonomisk samarbeid. Forhandlingane skal skje i mars, og resultatet vil verta iverksett frå 1. juli. Legetenesta har eit kutt i 2012 på kr 300 000 (rådmannen sitt framlegg) + kr 300 000 (kommunestyrevedtaket). Samlokalisering av legetenesta er i gang, utover dette vurderer vi det som uheldig å forsøka spesifisera nedskjeringa nærare før forhandlingane med legane.

### Eining: 24 Jettegryto barnehage og 25 Eikelandsosen skule

#### Innsparingskrav totalt: Kr 200 000 kr + etablera oppvekstsenter i Eikelandsosen

Samanslåing av skular og barnehagar til oppvekstsenter har ikkje vist seg å gje økonomiske innsparingar andre stader i kommunen og dette var heller ikkje eit mål ved oppretting av oppvekstsenter i Fusa. Rådmannen tilrår difor at innsparingskravet på totalt kr 200 000 vert fordelt med kr 100 000 på alle barnehagane i kommunen og med kr 100 000 på alle skulane i kommunen, etter same fordelingsnøklar som er nytta i ressursfordelingsmodellane for skule og barnehage.

Konsulentbyrået Agenda Kaupang leverte 30.4.2010 ein rapport med evaluering av oppvekstsentra i Fusa, der dei kjem med ein del vurderingar og tilrådingar. "Etter Agenda Kaupangs vurdering er det ikke grunnlag for å opprette et sjette oppvekstsenter i Eikelandsosen. For det første er de to enhetene i dag store nok til å stå på egne ben. For det andre er det for lang fysisk avstand mellom bygningene til at samarbeid er praktisk."

Vidare i rapporten heiter det i kapittel 7:

**”7 Ledelse i oppvekstsentrene (...)** Det er tvilsomt om oppvekstsenter lønner seg. Kostnadene ved samarbeidet er betydelig (...).”

**”7.2 Gevinstene (...)** Etter Agenda Kaupangs vurdering er det svært begrenset hvilke forbedringer som kan tilskrives oppvekstsentrene. Det er dessuten svært ulike resultater i de ulike sentrene. (...) Eikelandsosen har like bra samarbeid mellom barnehage og skole som Nore Fusa og Fusa”.

”Antakelig kan man ikke forvente store resultater av felles ledelse i skole og barnehage. Dette er to ulike tjenester med begrenset nytte av samarbeid”.

**”7.3 Kostnadene** Man kan ikke vurdere resultatene av oppvekstsentra uten å ta med kostnadene. Gevinster og kostnader ved et tiltak må veies mot hverandre. Denne analysen bygger på intervjuene i sentrene. Det er to typer kostnader: feil tidsbruk og manglende utvikling av barnehagetjenesten. (...)”

På bakgrunn av at oppretting av oppvekstsenter er ein krevjande omorganiseringsprosess utan venta økonomisk vinst, ønskjer rådmannen ei avklaring av om administrasjonen skal ta fatt på arbeidet med å smelta saman Eikelandsosen skule og Jettegryto barnehage til eit oppvekstsenter.

## **Eining: 42 Teknisk drift**

### **Innsparingskrav: Kr 500 000**

*Kommentar: Det vert ikkje gjort framlegg om å redusera stillingar sidan det er rimelegare å gjera vedlikehald med egne tilsette enn å kjøpa desse tenester frå andre. Ved sal av eigedomsmasse vil eininga gå glipp av leigeinntekter frå dei objekta som vert selde, og vil dermed få ytterlegare kutt, truleg kring kr 3-400 000 årleg.*

<b>Tiltak</b>	<b>Verknad frå</b>	<b>Innsparing 2012 (kr)</b>	<b>Innsparing 2013 (kr)</b>
1) Nedskjering vegvedlikehald	01.01.2012	220 000	220 000
2) Nedskjering bygningsvedlikehald	01.01.2012	220 000	220 000
3) Nedskjering utstyrspostar m.v.	01.01.2012	60 000	60 000

#### **Tiltak 1: Nedskjering vegvedlikehald**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette</b>
Dårlegare vedlikehald. Ingen reasfaltering av vegar.	Ingen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

## Tiltak 2: Nedskjering bygningsvedlikehald

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune
Vi har midlar til å byta lyspærer o.l. og til lovpålagte serviceavtaler på brannalarm-anlegg, heisanlegg, etc slik at vi vonleg slipp å stengja bygg for bruk. Det er ingen midlar til planmessig vedlikehald, som t.d. målingsarbeid, og vi dreg på oss eit stor framtidig vedlikehaldsbehov.	Det vert uråd å nå resultatmål 3: ”Kvaliteten på drift og vedlikehald av kommunale bygningar og tekniske anlegg er auka. Det har vore fokus på trafikksikring”.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

## Tiltak 3: Nedskjering utstyrspostar m.v.

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Vi får etter kvart gjort mindre med egne tilsette.	Mangelfullt verktøy gjev dårlegare arbeidstilhøve.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

## Eining: 60 Landbruk (interkommunalt landbrukskontor)

### Innsparingskrav: Kr 250 000

*Kommentar: Fusa står for 43% av felleskostnadene i det interkommunale landbrukskontoret, og har svært få driftspostar som kun gjeld Fusa. Tenkjer ein at innsparinga skal gjelda fellespostar, krevst det ei nedskjering på kr 581 000 for landbrukskontoret for at Fusa skal kunne spara kr 250 000,-. Eit så stort budsjettkutt inneber eit årsverk i reduksjon. Landbrukstenesta er allereie svært knapt bemanna. Avtalen med Os og Samnanger definerer oppgåver for felles kontor, men vi kan ikkje utføre avtalte tenester med så stor stillingsreduksjon. Dette inneber avtalebrot. Avtalen har dessutan eitt års oppseiingstid. Vi er i forhandling med Tysnes om at dei skal vere med i det felles landbrukskontoret, og dersom alt går etter planen og kommunestyra i alle 4 kommunane gjer positivt vedtak, kan vi kome i gong med samarbeidet våren/sommaren 2012. Vi arbeider med budsjett og fordeling av kostnader og førebuing til politisk handsaming. Vi har fått skjønsmidlar frå fylkesmannen til planlegging og tilrettelegging. Også dette perspektivet gjer reduksjon av noverande kontor til eit svært dårleg tiltak, og rådmannen har difor tilrådd andre nedskjeringar enn nedbemanning.*



<b>Tiltak</b>	<b>Verknad frå</b>	<b>Innsparing 2012 (kr)</b>	<b>Innsparing 2013 (kr)</b>
1) Fjerna driftstilskot til veterinærer. (Kommunestyrevedtak frå 1986. Samarbeidsavtale som må avklarast med Kvam, Kvinnherad og Samnanger).	01.09.2012	60 000	182 000
2) Redusera budsjettpost til skotpremie rev og mink i 2012, fjerna denne ordninga i 2013.	01.01.2012	40 000	50 000
3) Overføra til drift avsette midlar (fond) frå tidlegare år.	01.01.2012	132 000	0
4) Redusera budsjettpost til Forsøksringen	01.01.2012	18 000	18 000

### **Tiltak 1: Fjerna driftstilskot til veterinærer**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette/Fusa kommune</b>
Ingen, så langt vi kan sjå. Konsekvensar for veterinærane som reknar med tilskotet.	Ingen, mottok ikkje tenester tilbake frå veterinærane til kommunen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette/Fusa kommune</b>
Ingen.	Ingen.

### **Tiltak 2: Redusera budsjettpost til skotpremie, for så å fjerna skotpremie mink og rev**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette</b>
Truleg held restbudsjettet til skotpremie (kr 10 000) i 2012. Ordninga med skotpremie fell vekk frå 2013. Det vil vera i bøndene sin interesse å halda bestandane nede uavhengig av skotpremien.	Ingen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

### **Tiltak 3: Overføra til drift avsette midlar (fond) frå tidlegare år**

<b>Vesentlege ulemper for brukarane</b>	<b>Vesentlege ulemper for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

<b>Vesentlege føremoner for brukarane</b>	<b>Vesentlege føremoner for tilsette</b>
Ingen.	Ingen.

#### Tiltak 4: Redusera budsjettpost til Forsøksringen

Vesentlege ulemper for brukarane	Vesentlege ulemper for tilsette
Ingen faktiske konsekvensar, overføring til Forsøksringen på 2011-nivå er dekt inn av restbudsjettet.	Ingen.

Vesentlege føremoner for brukarane	Vesentlege føremoner for tilsette
Ingen.	Ingen.

#### Tilsettingsstoppen:

Fusa kommune er ein stor arbeidsgjevar. I 2010 var i gjennomsnitt 21 årsverk til ei kvar tid vekke frå jobb pga. sjukdom. Ofte treng ein erstatta desse personane med vikarar. Dei største einingane driv døgntkontinuerlege tenester 365 dagar i året. Når desse einingane ikkje får lysa ut ledige faste stillingar og lengre vikariat, vert behovet for ekstravakter og vikarar enda større. Vi nyttar betydelege ressursar på å innhente vikarar, og tidsbruken aukar dersom vi ikkje har raske og effektive tilsettingsprosessar, i tillegg til at andre arbeidsoppgåver vert nedprioriterte.

Organisasjonen opplever at tilsettingsstoppen fører til auka arbeidspress, mindre effektivitet, lågare kvalitet og dyrare løysingar. Vi står framfor den årlege hovudrekrutteringa inn mot skular og barnehage, og vi står i fare for å mista dei beste kandidatane dersom vi ikkje kan tilby faste stillingar.

På bakgrunn av dette tilrår rådmannen at tilsettingsstoppen vert oppheva.

#### Saldert budsjett:

Kommunestyret vedtok budsjettet for 2012 med meirinntekter på kr. 455.000. I følgje budsjettforskriftene skal budsjettet vera saldert ved at samla utgifter og inntekter skal ha same storleik. Rådmannen har difor redusert bruk av disposisjonsfondet med kr 455 000,- slik at budsjettet for 2012 vert saldert. Kommunestyret har framleis kr. 455.000 udisponert, slik intensjonen med kommunestyrevedtaket var.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		HKO
004/12	Formannskapet	22.02.2012	HKO

**Sakshandsamer:** Helen Koldal

**Arkivsaknr** 11/1579

## **SAMHANDLINGSREFORMA - TENESTEAVTALE FOR SAMARBEID OM INNLEGGELSE I OG UTSKRIVING FRA SPEISALISTHELSETJENESTEN INNEN SOMATISK SEKTORSAMARBEIDSAVTALAR**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner " Overordna samarbeidsavtale om lokal samhandlingsstruktur og kva helse - og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for" og " Tjenesteavtale for samarbeid om omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden".

Kommunestyret tek til orientering " Grunnlagsdokument for samarbeid mellom Helse - Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i lokalsjuekehusområdet" og " Tjenesteavtale for samarbeid om innleggelse i og utskrivning fra spesialisthelsetjenesten innen somatisk sektor for Helse - Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
30.12.2011	MOTTATT PR MAIL 23.12.11 - FELLES GRUNNLAGSDOKUMENT OG AVTALEVERK MED FRIST FOR VEDTAK 31.01.12.	39030
09.02.2012	TJENESTEAVTALE - INN OG UT SOMATIKK FRA 2012 - ENDELIG VERSJON TIL SIGNERING.PDF	39031
26.01.2012	UTSKRIVNINGSKLARE PASIENTER.PDF	40023
08.02.2012	GRUNNLAGSDOKUMENT - VERSJON 2411 2011.DOC	40481
09.02.2012	KRAV TIL AVTALEVERK.DOC	40483
09.02.2012	HANDLINGSPLAN - 241111.XLS	40482
08.02.2012	INFORMASJON OM GJENNOMFØRINGEN AV SAMHANDLINGSREFORMEN	40485

09.02.2012	INFORMASJON OM IKRAFTSETTING AV LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTJENESTER	40486
08.02.2012	TJENESTEAVTALE FOR SAMARBEID OM OMFORENTE BEREDSKAPSPLANER OG PLANER FOR DEN AKUTTMEDISINSKE KJEDEN	40488
09.02.2012	OVERORDNA SAMARBEIDSAVTALE OM LOKAL SAMHANDLINGSSTRUKTUR OG KVA HELSE- OG OMSORGOPPGÅVER FORVALTNINGSNIVÅ HAR ANSVAR FOR	40508
12.02.2012		40609

### **Faktiske opplysninger:**

Samarbeidssekretariatet for samarbeidsutvala i Hordaland ( SSE) har i e- postar av 21. og 23.12.2011 oversendt følgjande dokument til formell handsaming i kommunane:

- Felles grunnlagsdokument med handlingsplan
- Ny overordna samarbeidsavtale og kva helse og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa har ansvar for
- Tenesteavtale: Ny avtale for inn – og utskriving
- Tenesteavtale: For omforente beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjede

Avtalane skal vera handsama og returnert innan 31.01.2012. Kommunar som ikkje har kommunestyremøte før i februar / mars må sende signerte avtalar tilbake umiddelbart etter at vedtak er fatta.

### **Krav til avtaleverk**

Stortinget vedtok i juni 2011 Lov om kommunale helse – og omsorgstenester. Denne lova forpliktar kommunar og helseføretak til å inngå samarbeidsavtale som skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse – og omsorgstenester ( § 6- 1) I § 6- 2 er det krav til innhaldet i avtalen. I brev frå departementet som vart sendt ut saman med nasjonal rettleiar for lovpålagte samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionale helseforetak framgår det at det skal liggja føre samarbeidsavtalar innan 31. 01. 12 som omfattar følgjande:

- Semje om kva helse – og omsorgsoppgåver forvaltningsnivåa er pålagt ansvaret for, og ein felles oppfatning av kva tiltak partane til ei kvar tid skal utføre.
- Retningslinjer for innlegging i sjukehus
- Retningslinjer for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som ein går ut frå har behov for kommunale tenester etter utskriving frå institusjon
- Samarbeid om omforeinte beredskapsplanar
- Samarbeid om den akuttmedisinske kjede
- 

**Innan 01.07. 2012** skal samarbeidsavtalane som heilskap vera inngått.

Avtalane skal då i tillegg til avtalane ovanfor som minimum innehalde:

- Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp
- Retningslinjer for:
  - o Gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling for faglege nettverk og hospitering
  - o Samarbeid knytt til innlegging, utskrivning, habilitering, rehabilitering og lærings- og mestringstilbod for å sikre samanhengande helse – og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester.
- Samarbeid om:
  - o Forskning , utdanning , praksis og læretid
  - o Jordmortenester
  - o IKT – løysingar lokalt
  - o Førebygging

Andre tema der det vert tilrådd å lage avtale:

- Samarbeid om lokalmedisinske sentra
- Samarbeid om kvalitetsforbetring og pasient – og brukartryggleik
- Rutine for handtering av avvik og etablering av tilbakemeldings – og evalueringsløyfer
- 

Andre tema der det kan lagast avtale:

- Fastlegar og avtalespesialistar
- Samarbeid med andre aktørar, ikkje minst NAV

### **Status avtaleverk:**

Eksisterande overordna samarbeidsavtale og underavtale dekker pr d.d delar av krava til avtaleverk som ligg i nasjonal rettleiar. Det er behov for avklaring av kva behov for avtaler / retningslinjer samarbeidspartane har for å kunne dekke lokale behov og for å kunne møte krava i nasjonal rettleiar.

Krava som er komme frå departementet er utfordrande for samarbeidspartane. For å kunne gjennomføre arbeidet på ein god måte innan fristane som er gitt er det etablert styringsgruppe og hovudprosjektgruppe, samansett av representantar frå Helse Bergen, Haraldsplass og dei 22 kommunane i opptaksområdet. Styringsgruppa for arbeidet med avtaleverket består av leiarane i Samarbeidsutvala, administrerande direktør ved Haraldsplass Diakonale Sykehus og viseadministrerande direktør i Helse - Bergen. I tillegg er det etablert arbeidsgrupper på dei områda der det er behov og krav om avtale / retningslinjer i nasjonal rettleiar. Samarbeidsutvala har som overordna organ ansvar for å følgje opp underordna avtalar.

### **Felles grunnlagsdokument mellom kommunane og sjukehusa**

Bakgrunn for utarbeiding av felles grunnlagsdokument var ei bestilling frå toppleiarmøte for dei 22 lokalsjukehuskommunane, og ei erkjenning av at utfordringane helsetenesta står overfor krev tett samarbeid mellom partane på alle nivå. For å kunne gjennomføre arbeidet på ein god måte innan fristane, er partane samde om å legge prinsippa i felles grunnlagsdokument til grunn.

### **Innhaldet i dokumentet:**

I dokumentet er det skissert nokre sentrale prinsipp i og for samarbeid og nokre strategiske grep. I tillegg er det utarbeidd handlingsplan, der ein operasjonaliserer prinsipp og strategiar.

**Prinsipp for samarbeid:**

- Brukarperspektiv i sentrum
- Positive haldningar - kultur og klima
- Dialog
- Likeverd i samhandling
- Likeverd i teneste

**Strategi:**

- Robust og effektiv samarbeidsstruktur
- Utvikle møteplassar, både leiing og fag
- Felles infrastruktur
- Systematisk evaluering og læring
- Ansvarsavklaring lokalt
- Felles prioriteringar
- God likelydande informasjon / styringsdata tilgjengeleg for partane
- Kompetansebygging og rekruttering
- Utvikling av felles handlingsplan med sentrale milepælar
- Pasientforløpstilnærming

**Tenesteavtale: Ny avtale for inn - og utskriving**

Avtale for inn - og utskriving av pasientar er planlagt å vera ein felles basis som arbeidet med alle andre avtalar / retningslinjer skal byggje på. Avtalen gjeld for somatisk medisin, og er rettleiande frå 01.01.2012. Avtalen går til formelt vedtak hos partane. Denne avtalen regulerer samarbeid i samband med innføring av kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar.

**Tenesteavtale: Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og samarbeid om planar for den akuttmedisinske kjede**

Vedlagt følgjer overodna avtale vedrørende beredskap og akuttmedisinsk kjede. Tenestavtale for beredskap utgjer saman med tidlegare inngått pandemiavtale og felles plan for beredskap vår lokale avtale og planverk innan beredskap. Når det gjeld akuttmedisinsk kjede er og vedlagte tenesteavtale ei oppfølging av krav i nasjonal rettleiar. Det er i tillegg under utarbeiding meir operasjonelle avtalar innan akuttmedisin mellom Helse - vergen og kommunane. Desse avtalane har ein fellesdel og ein del som er spesielt tilpassa organisering av tenestene i den einskilde kommune. Det er inngått avtale med nokre av kommunane og det er planlagt utarbeiding av avtalar med alle kommunar innan fristen 01.07.12.

**Vurdering:**

Det er eit omfattande arbeid som har vore utført og som er i gang for innføring av samhandlingsreforma. Arbeidet med å få på plass gode og klare avtalar om ansvarsfordeling mellom dei ulike forvaltnings - og tenestenivåa er viktig for å lukkast med reforma.

Rådmannen har ikkje merknader til dei framlagde avtalane.

I tilknytning til denne saka vert det i møtet også kort orientert om status for interkommunale prosjekt i samband med samhandlingsreforma.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		PGH
005/12	Formannskapet	22.02.2012	PGH

**Sakshandsamer:** Per Gunnar Haavik

**Arkivsaknr** 10/510

## **AVTALE OM SAMARBEID MELLOM FUSA OG SAMNANGER KOMMUNE OM BRANNVERN VERT AVSLUTTA**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Avtale mellom kommunane Samnanger og Fusa om samarbeid om felles brannsjef, varabranssjef og om feiing og tilsyn vert avslutta.

Kommunane går tilbake til tidlegare ordning med kvar sin brannsjef og varabranssjef. Feiing og tilsyn vert løyst innafør kvar kommune.

Rådmannen får i oppgåve å tilretteleggja ordning med brannsjef, varabranssjef og feiing i Fusa kommune innafør gjeldande lover og økonomiske rammer.

Kommunestyret trekkjer attende delegasjon til rådmannen i Samnanger med vidare delegasjon til felles brannsjef av mynde etter "brann- og eksplosjonslova" gjeve i vedtak 075/10

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I sak 25/10 gjorde kommunestyret vedtak om å etablere felles leiing for brannvesena samt felles feieordning for Samnanger og Fusa. Kommunestyret i Samnanger gjorde i sak 17/10 tilsvarande vedtak.

Ei arbeidsgruppe arbeidde etter mandat frå rådmennene i dei to kommunane ut budsjett for felles leiing, feiing og framlegg til avtale mellom kommunane.

I sak 75/10 gjorde kommunestyret vedtak om at Fusa kommune inngår avtale med Samnanger kommune om felles brannsjef, varabranssjef og om feiing og tilsyn i samsvar med framlegg til avtale frå arbeidsgruppa.

I grunnlaget for å inngå samarbeid vart det vurdert tre ulike organiseringsmåtar, IKS (interkommunalt selskap), vertskommunemodellen (som landbrukskontoret) og felles leiing (felles brannsjef og varabranssjef).

Ut frå ei samla vurdering var tilrådinga frå prosjektgruppa at modellen med "Felles leiing" vart valt som samarbeidsform.

Gjennom ei evaluering hausten 2011 har det vist seg at samarbeidet ikkje fungerer slik intensjonen var. Ein har ikkje lukkast i å henta ut dei fordelane på det faglege planet og på samordning av øvingar, anna opplæring og delvis på utstyr som ein la til grunn då avtale vart inngått. Samarbeidet har heller ingen økonomisk gevinst for kommunane.

Oppgåvene knytt til kommunane sine egne brannkorps er mange, desse må gjerast uavhengig av felles leiing. Dette har ført til at arbeidsoppgåvene, for personar som i utgangspunktet skulle ivareta eit samarbeid mellom kommunane, i stor grad vert knytt opp mot arbeidsoppgåver mot egne brannkorps og mot sentrale myndigheiter.

Vidare har det også vist seg det at brannkorpsa i dei to kommunane har ulike oppgåver, bla. "first responder" ordning i Samnanger men ikkje i Fusa, har gjort det krevjande å henta ut tilstrekkeleg gevinst av samarbeidet.

Då samarbeidet vart etablert vart det tilsett feiar i Samnanger. Feiaren har sagt opp si stilling, og sluttar 29.02.12. Ny feiar må tilsetjast dersom samarbeidet skal halde fram. Alternativt må kommunane løysa feiartenesta på andre måtar innafør den einskilde kommune.

Erfaringa med samarbeidsmodellen "felles leiing" har undervegs og i ettertid vist seg krevjande å få til for samarbeidet mellom kommunane Samnanger og Fusa. Erfaringa med modellen "felles leiing" for andre kommunar er varierende, der nokre får samarbeidet til å fungera mens andre kommunar har valt å skrinlagt planane allereie før dei vart sett i verk.

### **Vurdering:**

Det har vist seg krevjande å få til eit samarbeid om felles leiing for fagområdet brann/redning inkl. feietenester. Kommunane har ulik ståstad, derav ulike arbeidsoppgåver, ulik forståing/oppfølging av krav m.m. innafør kommunane sine egne brannkorps. Oppgåvene knytt mot egne brannkorps er så store at dette er eit hinder for å kunna frigjera nok ressursar for å ivareta intensjonen med felles leiing for kommunane.

Rådmannen rår til at samarbeidet om felles leiing og feieteneste mellom kommunane Samnanger og Fusa vert avslutta og at brannsjef, varabranssjef og feiing og tilsyn for bustadar vert løyst innafør den einskilde kommune.

Rådmannen rår samstundes til at delegasjon av mynde etter "brann- og eksplosjonslova" gjeve rådmannen i Samnanger i sak 075/10 vert trekt attende.



Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
006/12	Formannskapet	22.02.2012	PRO

**Sakshandsamer:** Per Rosvoll

**Arkivsaknr** 11/1554

## **SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Fusa kommune sel ca. 200 m2 som tilleggsareal til g.nr. 20. b.nr. 19.

Dette er arealet som ligg vest for 20/19 og fram på kant mot frisiktzone og ein avstand på ca. 1,5 m frå Stallabrotvegen.

Kartforretning vil definera eksakte grenser.

Pris vert kr. 50,- pr.kvm. Kjøpar ber alle kostnader i samband med overdraginga m.a. oppmåling og tinglysing.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Søknad med kartskisse frå kjøpar.

Kartskisse 03.01.12 - viser areal vest for 20/19

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.01.2012	KARTSKISSE	38772
19.12.2011 14:26:27	SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL STALLABROTVEGEN 19	38771
25.01.2012	Kartskisse 03.01.12.pdf	39997

### **Faktiske opplysninger:**

Fusa kommune har motteke søknad frå eigar av 20/19 om kjøp av tilleggsareal til bustadeigedom. Søknaden omfattar ca. 200 m<sup>2</sup> mot vest og 400-500 m<sup>2</sup> mot sør. Alt omsøkt areal er i arealdelen til Kommuneplan avsett til boligføremål.

Fusa kommune er ikkje eigar av arealet sør for 20/19. Her er feil i kartgrunnlag. Konklusjon etter nærare studiar er at dette arealet tilhøyrer til 20/3.

### **Vurdering:**

Areal mot vest ligg naturleg til 20/19 - omfattar veg/parkering for eigedomen. Sal må avgrensa seg til oppe på skjæringskant i frisisiktsona. Eksakte grenser må fastsetjast i kartforretning.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
007/12	Formannskapet	22.02.2012	PRO

**Sakshandsamer:** Per Rosvoll

**Arkivsaknr** 12/111

## **SLUTTRAPPORT ETTER TILBYGG/OMBYGGING VED HELLEMYRA BUFELLESSKAP**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrapport etter tilbygg/ombygging ved Hellemyra bufelleskap vert teke til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sluttrapport datert Januar 2012.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.02.2012	Sluttrapport - Prosjekt Hellemyra .pdf	40406

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anlegg med kostnad over kr. 1 mill.

Bakgrunnen for prosjektet var statens satsing på utbygging av omsorgsbustader og det vart gjeve tilskot/lån i samsvar med dette.

Det er bygd 3 nye omsorgsboligar + ny personaldel og kontor i loftsetasje + noko ombygging og ny carport. Tilbygd areal er ca. 237 m2.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapporten vert teke til etterretning.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
008/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/140

## UTBYGGING AV VEG OG LEIDNINGSANLEGG PÅ HOLMEFJORD - SLUTTRAPPORT

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sluttrapporten for utbygging av veg og leidningsanlegg på Holmefjord vert teken til etterretning.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.02.2012	UTBYGGING AV VEG OG LEIDNINGSANLEGG PÅ HOLMEFJORD.doc	40532

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr 1 mill.

Utbygging av gang- og sykkelveg og VA-leidningsanlegg på Holmefjord vart gjennomført for å sanera private avlaupsanlegg og for å etablere gang og sykkelveg langs fylkesvegen mot Nore Fusa skule. Det vart også lagt vassleidning i same grøfta med tanke på utbygging av ny vassforsyning til m.a. skulen.

Utbygginga var prioritert i hovudplan avlaup.

Kostnad vart kr 15,2 mill.

Utbygginga vart gjort i 2009 og 2010.

### Vurdering:

Rådmannen rår til at rapporten vert teken til etterretning.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
009/12	Formannskapet	22.02.2012	PRO

**Sakshandsamer:** Per Rosvoll

**Arkivsaknr** 12/110

## **SLUTTRAPPORT VEDR. NYTT VENTILASJONSANLEGG STRANDVIK SKULE**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrapport etter bygging av nytt ventilasjonsanlegg på Strandvik skule vert teke til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sluttrapport - Strandvik skule datert januar 2012.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.02.2012	Sluttrapport - Prosjekt Strandvik skule, ventilasjon.pdf	40416

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle prosjekt med kostnad over kr. 1 mill.

Prosjektet hadde som mål å forbedra inneklimate ved skulen

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapport vert tatt til etterretning.

<b>Saksnr</b>	<b>U t v a l</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
010/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

**Sakshandsamer:** Øystein Havsgård

**Arkivsaknr** 12/134

## **UTBYGGING AV VASSINNTAK OG INNTAKSBASSENG PÅ HELLAND - SLUTTRAPPORT**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrapporten for utbygging av vassinntak og inntaksbasseng på Helland vert teken til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.02.2012	UTBYGGING AV VASSINNTAK OG INNTAKSBASSENG PÅ HELLAND.doc	40435

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr 1 mill.

Utbygging av vassinntak og inntaksbasseng på Helland vart gjennomført for å ta vare på mest mogeleg av vatnet i kjelda og for å eit tett inntaksbasseng med tak.

Utbygginga var prioritert i hovudplan vassforsyning.

Kostnad vart kr 1,4 mill.

Utbygginga vart gjort i 2007 og 2008.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapporten vert teken til etterretning.

<b>Saksnr</b>	<b>U t v a l</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
011/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

**Sakshandsamer:** Øystein Havsgård

**Arkivsaknr** 12/178

## **UTBETRING AV VEG TIL HÅVIK - SLUTTRAPPORT**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrapporten for utbetring av veg til Håvik vert teken til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.02.2012	UTBETRING AV VEG TIL HÅVIK.doc	40560

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr 1 mill.

Utbetring av veg til Håvik vart gjennomført for å heva standarden på ein svært nedsliten veg.

Utbygginga var prioritert i hovudplan for veg og av utval for plan og drift.

Kostnad vart kr 1,84 mill.

Utbygginga vart gjort i 2008.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapporten vert teken til etterretning.

<b>Saksnr</b>	<b>U t v a l</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
012/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

**Sakshandsamer:** Øystein Havsgård

**Arkivsaknr** 12/136

## **UTBYGGING AV LEIDNINGSANLEGG PÅ KOLDAL - SLUTTRAPPORT**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrappen for utbygging av leidningsanlegg på Koldal vert teken til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.02.2012	UTBYGGING AV LEIDNINGSANLEGG PÅ KOLDAL.doc	40472

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr 1 mill.

Utbygging av VA-leidningsanlegg på Koldal vart gjennomført for å sanera private avlaupsanlegg i området og for å betra kapasitet og forsyningstryggleik på vassverket.

Utbygginga var prioritert i hovudplane for vassforsyning og avlaup..

Kostnad vart kr 2,23 mill.

Utbygginga vart gjort i 2002.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapporten vert teken til etterretning.



Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
013/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/131

## UTBYGGING AV VASSRENSSEANLEGG PÅ HELLAND - SLUTTRAPPORT

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sluttrapporten for utbygging av vassrenseanlegg på Helland vert teken til etterretning.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.02.2012	UTBYGGING AV VASSRENSSEANLEGG PÅ HELLAND.doc	40417

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr 1 mill.

Utbygging vassrenseanlegg på Helland vart gjennomført for å få god nok vasskvalitet til abonnentane. Utbygginga var prioritert i hovudplan vassforsyning.

Kostnad vart kr 2,5 mill.

Utbygginga vart gjort i 1999 og 2000.

### Vurdering:

Rådmannen rår til at rapporten vert teken til etterretning.

<b>Saksnr</b>	<b>U t v a l</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
014/12	Formannskapet	22.02.2012	PRO

**Sakshandsamer:** Per Rosvoll

**Arkivsaknr** 10/19

## **SLUTTRAPPORT ETTER TILBYGG / OMBYGGING VED FUSA SKULE**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sluttrapport for prosjekt Fusa skule, tilbygg/ombygging, vert teke til etterretning.

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sluttrapport - Fusa skule.

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
08.02.2012	Sluttrapport - Prosjekt Fusa skule .pdf	40479

Ikkje vedlegg:

### **Faktiske opplysninger:**

I kommunen sine prosjektadministrative rutinar heiter det at det skal lagast sluttrapportar for alle kommunale bygg- og anleggsprosjekt med kostnad over kr. 1 mill.

Bakgrunnen for prosjektet var strakstiltak for å stetta krav i arbeidsmiljølova og i høve til miljøretta helsevern. Behov for arbeidsplassar for tilsette , personalrom og grupperom.

### **Vurdering:**

Rådmannen rår til at rapporten vert teke til etterretning.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		GST
015/12	Formannskapet	22.02.2012	GST

**Sakshandsamer:** Gunn Sissel Teigen

**Arkivsaknr** 10/459

## **SØKNAD OM SKJENKELØYVE I SAMBAND MED ENDRA EIGARFORM .M.M - KAFEEN TE GRO AS**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med heimel i alkohollova gjev Fusa kommune skjenkeløyve til Kafeen te Gro AS på følgjande vilkår:

Serveringsstaden sitt namn:	Kafeen te Gro
Adresse:	5640 Eikelandsosen
Tidsrom for løyvet:	09.03.12 t.o.m. 30.06.2012
Løyvehavar:	Kafeen te Gro AS, organisasjonsnr 997 820 851
Styrrar for løyvet:	Gro Janne Henden Gjerdevik
Avløyssar	Kathrine Sandvik. Føresetnad er at det vert sendt inn dokumentasjon på godkjent kunnskapsprøve innan 07.03.12.
<b>Del 1. Alminneleg løyve</b>	Kafe/kafeteria Areal pr mai 2009– inne og uteservering; jf. søknad.
<b>Forretningskonsept</b>	–
<b>Skjenkelokalet sitt areal:</b>	
<b>Alkoholvare og skjenketid:</b>	Gruppe 1 og 2 frå kl 18.00 – 01.30, jf. elles §4-4 og kommunale retningslinjer. Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00. Skjenketid for uteservering: Gruppe 1 og 2 til kl 2330.Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 2400.

## **Del 2. Slutta lag**

Utvida skjenkelokale til slutta lag i møtelokalet i 2.etasje i Fjord'n senter. jf. søknad.

### **Forretningskonsept Skjenkelokalet sitt areal:**

–

#### **Alkoholvare og skjenketid:**

I møtelokalet 2.etasje til Fjord'n senter når det vert leigt ut til Kafeen te Gro til slutta lag:  
Måndag – fredag gruppe 1 og 2 frå kl 18.00 – 01.30.  
Skjenketid laurdag frå kl 17.00 – kl 01.30.  
Fortæringstid gruppe 1 og 2 vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00.  
Skjenketid måndag – fredag gruppe 3 frå kl 18.00 – 00.30.  
Skjenketid laurdag gruppe 3 frå kl 17.00 – kl 00.30.  
Fortæringstid gruppe 3 vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 01.00.  
Lukketid vert ein halv time etter at skjenketida er slutt; kl 02.00, jf. elles §§4-2, 4-4 og kommunale retningslinjer.

#### **Løyvegebyr:**

Vert fastsett i samsvar med forskrift heimla i alkohollova §7-1

Skjenkeløyvet vert gitt under føresetnad av at nødvendig godkjenning frå mattilsynet og brannvernstyresmakter til ei kvar tid ligg føre.

Vandelskrava i alkohollova er vesentleg skjerpa f.o.m. 01.01.98. Dette vil m.a. kunna føra til at løyve vert inndrege dersom vilkåra i §1-7 b ikkje lenger er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova eller reglar gitt med heimel i den.

Dersom løyvehavar ynskjer å endra driftskonseptet, må han innhenta godkjenning av kommunen.

Sluttar styrar eller avløyysar, må løyvehavar straks søkja om godkjenning av ny.

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 – 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse. Ein gjer for ordens skuld merksam på at skjenkeløyve føreset at skjenkestaden har serveringsløyve og at skjenkeløyve difor føreset at serveringsløyve til ei kvar tid gjeld. *Løyvet vil og kunne inndragast dersom andre godkjenningar for verksemda ikkje lengre gjeld.*

## **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Uttale frå sosialtenesta, politiet og skatteoppkrevar

Søknad

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa kommune (ligg på heimesida til kommunen)

## **Faktiske opplysninger:**

Kafeen te Gro v/Gro Janne Henden Gjerdevik har alminneleg skjenkeløyve for gruppe 1 og 2 (øl og vin.) Ho har også skjenkeløyve til slutta lag i 2. etasje for gruppe 3 (brennevin). Det er registrert i foretaksregisteret som enkeltmannsforetak. Løyvet er då gitt til den fysiske personen som eig foretaket; Gro Janne Henden Gjerdevik.

Eigarstrukturen er endra frå enkeltmannsforetak til aksjeselskap. Det er søkt om nytt skjenkeløyve pga. skifte i selskapsform. Gro Gjerdevik eig 100% av det nye selskapet. Kathrine Sandvik er ny stedfortredar. Det er elles ingen endringer i drifta.

Politiet har ingen merknader. Vi har vore i kontakt med sosialtenesta som ikkje har merknader. Skatteoppkrevar har ingen merknader. Brannsjefen har ingen merknader.

Næringsmiddeltilsynet skal på synfaring.

## **Vurdering:**

Det er fremja ny søknad om nytt skjenkeløyve i samsvar med reglane i alkohollova § 1-10. Det er skifte av selskapsform frå personleg eigarskap til AS. I tillegg har ein fått ny stedfortredar.

Jf. kommentarar i departementet sitt rundskriv:

”Bevillingen faller alltid bort dersom en virksomhet i sin helhet overdras til nye eiere.

Tilsvarende gjelder dersom en vesentlig andel i virksomheten overføres til andre ved at disse trer inn i virksomheten. Hva som er en vesentlig andel må vurderes på samme måte som ved endringer i den interne eierstrukturen i et selskap, se nedenfor.

Skifte av selskapsform er å regne som en overdragelse. Det gjelder selv om det er de samme personer som står bak virksomheten etter endringene.

Også endringer i eiersammensetningen i et selskap kan medføre at bevillingen bortfaller. Det gjelder dersom alle eller en dominerende andel av aksjene eller andelene i selskapet overdras. Endringer i sammensetning kan skje på flere måter. I et aksjeselskap vil overdragelse av eierandeler, aksjeemisjon og fusjon være eksempler på endringer. I ansvarlige selskaper kan også eierandeler overdras og nye eiere kan tre inn i sameiet. Listen er ikke uttømmende.”

Gjerdevik har rett til å driva vidare i 3 månader på gamalt løyve. Søknad om løyve frå Kafeen te Gro A/S skal handsamast på lik linje med andre nye løyvesøknader.

Med bakgrunn i opplysningane i saka finn rådmannen at løyvehavar, styrar og andre sentrale personar nemnt i alkohollova §§1-7b og 1-7c oppfyller lova sine vandelskrav.

Rådmannen vil, i samsvar med vedtekne retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan for 2008 - 2012, tilrå at Kafeen te Gro A/S får skjenkeløyve på same vilkår som Gro Janne Henden Gjerdevik hadde jf. kommunestyresak 33/10 og 79/10.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
016/12	Formannskapet	22.02.2012	HOP

## DELEGERTE SAKER

**Saksframstilling:****DFOR**      ERV**002/11:****SØKNAD OM SPELEMIDLAR TIL INNKJØP AV MERKETRALLE  
TIL FOTBALLBANE VED NORE FUSA OPPVEKSTSENTER****Vedtak:**

Fusa kommune løyver kr 5.000,- til Ådlandsfjorden idrettslag til kjøp av merketralle.  
Tilskotet går frå kt 1.1721.3854.4701.

**DFOR**      ERV**003/11:****SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV UTSTYR TIL  
INSTRUKTØR KURS I SVØMMING****Vedtak:**

Fusa kommune løyver kr 2.000,- i oppstartstilskot til symjekurs for born i regi av IL Venjar.  
Tilskotet går frå kt 1.1721.3854.4701

**DFOR** GST  
**004/11:**

**DELEGERT VEDTAK SKJENKELØYVE - JULEBORD 26.11.11  
BRUVANG BALDERSHEIM**

**Vedtak:**

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve til Baldersheim Bygdalag v/styreleiar til julebord laurdag 26.11.11. Jf. alkohollova jf. §1-6.

**SKJENKELOKALE:** BRUVANG – BALDERSHEIM BYGDALAG SITT FORSAMLINGSLOKALE

**SKJENKELØYVE GJELD:** *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER  
OVER 2,5 OG HØYST 4,7  
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM ”ØL”  
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7  
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT  
SOM ”VIN”)*

**SKJENKESTYRAR:** STEINAR SKÅR

**SKJENKETID:** KL 18.30 – 01.30

**Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**

**Aldersgrense:** 18 år.

Skjenkestyrrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

**Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura på skjenkeavgift.** Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

*Saman med oppgåva skal det følgja kvitering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom.*



**DFOR** GST  
**006/11:**

**DELEGERT VEDTAK - EINSKILDLØYVE JULEBORD -  
STRANDVIK GREINDAHUS 17.12.11**

**Vedtak:**

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve til Strandvik Grendahuslag v/styreleiar i samband med julebord m/revy, mat og dans til Strandvik greindalag laurdag 17.12.11. Jf. alkohollova jf. §1-6.

**SKJENKELOKALE:** STRANDVIK GREINDAHUS –

**SKJENKELØYVE GJELD:** *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER  
OVER 2,5 OG HØYST 4,7  
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")*  
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7  
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT  
SOM "VIN")*

**SKJENKESTYRAR:** ASTRID RYSJEDAL

**SKJENKETID:** KL 19.00 – 01.30

**Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**

**Aldersgrense:** 18 år.

Skjenkestyrrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

**Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura på skjenkeavgifta.** Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

*Saman med oppgåva skal det følgja kvitering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom.*

**DFOR** GST  
**007/11:**

**DELEGERT VEDTAK - KAFEEN TIL GRO - UTVIDA  
SKJENKELOKALE 17.12.11 TIL Å GJELDA**

**Vedtak:**

Med heimel i alkohollova § 4-2 2 og 3. ledd og § 4-5 vert skjenkeløyvet til KAFE GRO JANNE HENDEN GJERDEVIK laurdag 17.12.11 utvida til å gjelda skjenking i **Kulturløo på Helland for skjenking av gruppe 1 og 2.**

**Skjenketid: kl 19.00 –01.30 – gruppe 1 og 2 (øl og vin)**  
**Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**

**Aldersgrense: 18 år**  
**Skjenkestyrar: Gro Janne Gjerdevik**

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 - 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse.

Løyvet er ei utviding av det ordinær løyvet og overtreding av skjenkeløyvet kan føra til inndraging av restauranten sitt ordinære løyve og for huseigar Kulturløo v/Oddvar Helland jf. retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Løyvet vert elles gitt på vilkår som framgår av søknad og saksframstillinga.

**DFOR** GST  
**008/11:**

**DELEGERT VEDTAK - EINSKILD SKJENKELØYVE - 26.12.11  
FUSA SAMFUNNSHUS**

**Vedtak:**

Med heimel i kommunestyrevedtak 0046/08, Rusmiddelpolitisk Handlingsplan for Fusa Kommune 2008 - 2012, innvilgar rådmannen eit einskildløyve til Fusa Samfunnshuslag v/styreleiar til romjulsfest med revy og middag måndag 26.12.11. Jf. alkohollova jf. §1-6.

**SKJENKELOKALE:** FUSA SAMFUNNSHUS

**SKJENKELØYVE GJELD:** *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 2,5 OG HØYST 4,7 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"*  
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7 OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "VIN")*

**SKJENKESTYRAR:** LIV ELIN MOEN

**SKJENKETID:** KL 19.00 – 01.30

**Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**

**Aldersgrense:** 18 år.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

**Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Det vert sendt ut faktura på skjenkeavgift.** Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

*Saman med oppgåva skal det følgja kvitering frå den som ølet/vinen er innkjøpt gjennom.*

**DFOR** GST  
**009/11:**

**DELEGERT VEDTAK - EINSKILD SKJENKELØYVE -  
EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS**

**Vedtak:**

I samsvar med rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa kommune 2008 - 2012, innvilgar Fusa kommune eit einskildløyve, alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2, til Eikelandsfjorden Samfunnshus v/styreleiar i samband pub 26.12.11. Jf. alkohollova jf. §1-6, §§4-2, 4-3, 4-4.

**SKJENKELOKALE:** EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS

**SKJENKELØYVE GJELD:** *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER  
OVER 2,5 OG HØYST 4,7  
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"  
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7  
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT  
SOM "VIN")*

**SKJENKESTYRAR:** ANDERS FOSSE

**SKJENKETID:** KL 19.00 – 01.30

**Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt**

**Aldersgrense:** 18 år.

Løyvet vert elles gitt på vilkår som framgår av saksframstillinga.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
017/12	Formannskapet	22.02.2012	HOP

## SKRIV OG MELDINGER

**Saksframstilling:**

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	11/8618	I	09.12.2011	Hordaland Fylkeskommune - Fylkesordføreren	Endring av aksjonæravtale og styresamansetting i Business region Bergen
2	12/552	I	24.01.2012	Jernrosen Minnemonument	Søknad om tilskot til Jernrosen minnemonument 22 juli 2011

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
018/12	Formannskapet	22.02.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/135

## PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET - RAPPORT PR 7.2.2012

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til orientering.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

#### **Hovudplan vassforsyning – prosjekt 030.**

Her er arbeid med leidningsanlegg langs fylkesvegen forbi Nore Fusa skule i gang. Arbeidet vert gjort samtidig med utbetring av fylkesvegen, og blir finansiert med ubrukte midlar frå 2011.

Øvrig vassverksutbygging, m.a. renseanlegg og basseng på Holmefjord, er sett på vent på grunn av investeringsstopp.

#### **Eikhovdaheimen - Prosjekt 250**

Arbeida kan ikkje startast før godkjenning frå Arbeidstilsynet er gitt. Tilsvar på ytterlegare opplysningar er utarbeidd og blir sendt saman med fråsegn frå AMU. Saka blir meldt inn til møte i AMU 16.02.12.

#### **Trafikksikring RV552-Opsalmarka, Prosjekt 070**

Anbodspapir er lagt på Doffin og anbudssynfaring er halde. Tilbudsfrist er sett 15.02.12.

Kalkylar tyder på at tilbod vil liggja ca. 2 millionar høgare enn det som er løyvt.

### **Torsneset, PU-bustadar**

Det er gått 3-årssynfaring. Det er ein del reklamasjonar på bygget. Dette gjeld tømrrar- og VVS faga.

VVS har ikkje vore innkalla til synfaring på grunn av sjukdom, men vi er i dialog og vil gå ei synfaring innan kort tid.

Tømrrar var innkalla, men møtte ikkje. Firmaet fekk ein frist til 31.01.12 for utbetring av feil og manglar. Så langt har ikkje entreprenør retta feila eller teke kontakt for å komma med merknadar.

### **Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161**

Etter vedtak om investeringsstopp har det ikkje vore aktivitet på byggjeplassen.

Dersom investeringsstopp blir ståande, må anlegget avsluttast.

Det må takast stilling til korleis området skal opparbeidast. Gjerder, kummer og røyr må ferdigstillast. Mellom anna er jord til arrondering lagt i depot utanfor byggjeplassen.

### **Slamavskillar Helland - prosjekt 020**

Prosjektering er sett på vent på grunn av investeringsstopp.

### **Rehabilitering symjehall – prosjekt 241**

Arbeidet går for fullt og skal etter planen vera ferdig innan utgangen av mai.

Alt er no reve og ein har byrja med oppbygginga. Betongskadar er omtrent som forventa.

Det dukkar opp ein del uforutsett, men det er ikkje noko pr. i dag som tilseier at me ikkje skal greie dette innanfor økonomisk ramme.

### **Kommunale bygg – prosjekt 180**

Prosjektet Kartlegging kommunale bygg er i avslutningsfasen. Sivilingeniør Anders Overrein AS har levert førebels rapport om tilstanden på Fusa kommune sin bygningsmasse og utarbeida vedlikehaldsplan. Universell utforming er ein del av dette prosjektet.

Prosjektet konkluderar med at Fusa kommune har kr. 65 mill. i etterslep på vedlikehald.

Delprosjekt energimerking er i ferdig.

Delprosjekt radonmåling - me har hatt ute 365 prøvar med sporfilm i dei fleste kommunale bygg. Analyser viser at me har nokre bygg me må kartlegga grundigare.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
019/12	Formannskapet	22.02.2012	BFL

**Sakshandsamer:** Berit Fløisand

**Arkivsaknr** 09/1873

## ÅRSRAPPORT 2011 FRÅ FUSA UTVIKLINGSSKAP AS

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsrapport 2011 frå Fusa Utviklingsselskap AS vert teken til orientering.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg: Brev frå Fusa Utviklingsselskap datert 24.01.2012, vedlagt årsrapport.2011.

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

Kommunestyret gjorde i møte 17.12.08 – sak 93/08 følgjande vedtak:

*”Fusa kommune gjer vedtak om å løyva inntil kr. 2 mill til ny aksjekapital i Fusa Utviklingsselskap AS. Kostnaden vert dekkja av avsette midlar på disposisjonsfond kapitalføremål.*

*Fusa kommune løyver inntil kr. 255.000 i årlege driftstilskot til Fusa Utviklingsselskap. Kostnaden vert dekkja av næringsfondet.*

*Driftstilskotet vert gitt for ein periode på inntil 3 år og med vilkår om at selskapet skal levera halvårlege rapportar om driftssituasjonen og prioriterte arbeidsområde.*

*Det er ein føresetnad at Fusa Kraftlag forpliktar seg til dei same tiltaka med sin relative andel.”*

Som det framgår av ovanstående vedtak har eigarane gjort vedtak om å løyva inntil kr. 500.000 i driftstilskot i perioden 2009-2011. I tillegg har selskapet fått tilført kr. 4 mill frå eigarane til auka aksjekapital.



I vedtektene framgår det at hovudføremålet med selskapet skal vera:

”§3

*Selskapet sitt formål er å tilretteleggja tomter for bustadbygging, stå for utbygging i eigen regi og bidra til utvikling av eksisterende verksemder og etablering av nye i noverande Fusa kommune på forretningsmessige vilkår. Selskapet skal fungera som såkornsselskap for å utvikla bustadmarknaden og arbeidsplassar i Fusa kommune. Selskapet kan stå for grunnlagsinvesteringar i tomteområde for både bustad og næringsformål, samt utbygging av bustader og næringsbygg i eigen regi eller i samarbeid med andre. Selskapet kan delta som eigar i andre selskap med avgrensa ansvar der det er formålstenleg for å skape arbeidsplassar i Fusa kommune. Selskapspart i andre selskap og part i fast eigedom skal selskapet forsøke å selje.”*

Ved handsaming av årsrapport for selskapet pr. 31.12.2010 vart det gjort følgjande vedtak i formannskapet - sak 06/11:

*"Statusrapport frå Fusa Utviklingsselskap AS pr. 31.12.2010 vert teken til orientering. Fusa kommune ber styret i Fusa Utviklingsselskap, før 01.07.2011, gjennomføra eigarmøte der dagsorden skal vera utviklingsoppgåver og driftssituasjonen for selskapet i eit langsiktig perspektiv - dvs. minimum økonomiplanperioden 2012-2015"*

Det vart halde eigarmøte den 12.05.2011 der selskapet orienterte om driftssituasjonen. Frå Fusa kommune møtte formannskapet, rådmann og kommunalsjef. I dette møtet vart strategisk plan for Fusa Utviklingsselskap for 2011-2015 drøfta.

Fusa utviklingsselskap har i brev datert 18.08.2011 søkt om vidareføring av driftstilskotet, jfr. vedlegg i arbeidsnotat frå rådmannen vedr. budsjett/økonomiplan 2012-2015.

Årsrapport for 2011 frå Fusa Utviklingsselskap A/S følgjer vedlagt.

**Vurdering:**

Rådmannen legg i denne saka fram årsrapporten 2011 frå Fusa utviklingsselskap AS til orientering.

Dagleg leiar i utviklingsselskapet er invitert til dette møtet i formannskapet og vil i tilknytning til denne saka gje nærare orientering om Fusa Utviklingsselskap AS.

Søknaden om vidareføring av driftstilskot til selskapet vert lagt fram for formannskapet til handsaming i seinare møte. Denne saka må sjåast i samanheng med kommunen sin økonomiske situasjon i økonomiplanperioden, og framtidig bruk av midlar frå næringsfondet. Det må og nemnast at Fusa kommune sitt næringsfond vart oppbrukt i 2011 og måtte tilførast midlar frå kommunen sitt disposisjonsfond til driftsføremål.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
020/12	Formannskapet	22.02.2012	HSV

Sakshandsamer: Hans S. Vindenes

Arkivsaknr 12/47

## BIR- INNFØRING AV VALNEMND

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune støttar forslaget om å oppretta valnemnd for val av styra til BIR AS og BIR Privat AS.

Fusa kommune støttar alternativ 2 for samansetting av valnemnd.

Fusa kommune sin representant på generalforsamlinga får fullmakt til å støttar dei vedtektsendringar som må til i BIR AS og BIR Privat for å få på plass ei valnemnd.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde:  
Formannskapet

Saksdokument:  
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.02.2012	ORGANISERING AV BIR - VALGNEMND - BESLUTNING	39505

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

I vedlegget ”Organisering av BIR, valnemnd – beslutning” viser ein til tiltak som er gjort for å få eit betre skilje mellom konkurranseutsett verksemd og lovpålagt verksemd innan BIR konsernet.

Dette gjeld særleg forholdet mellom BIR AS og BIR Privat AS. Dette er blitt løyst ved at BIR Privat AS har fått:

- Eigen dagleg leiar
- Eige styre
- Oppdatert anbodsinstruks
- Styret blir valt av eigarane, ikkje av styret i BIR AS. Styret i BIR AS gjer eigarkommunane av BIR fullmakt til å representera på generalforsamlinga.

Siste punktet, vedrørande å avgi fullmakt frå BIR AS, har skapt utfordringar for gjennomgåande styring og samvirke. Difor har styret i BIR føreslått at ein opprettar ei valnemnd for å velja styra til BIR AS og BIR Privat AS.

Oppnemning og mandat for valnemnd går fram i vedlegget side 3. Ein har føreslått følgjande samansetting av valnemnda (alternativ 2):

- 2 representantar frå Bergen kommune
- leiar i bedriftsforsamlinga
- 1 representant frå andre BIR-kommunar
- Bergen kommune utpeikar leiar
- Det skal veljast personlege vararepresentantar

Innføring av valnemnd medfører ingen endringar av aksjeeigaravtalen. Når det gjeld vedtektene i BIR AS og BIR Privat AS må det gjerast to endringar. Forslag til vedtaksendringar står referert på side 4 i vedlegget. Endringane må vedtas av selskapa sine generalforsamlingar.


## BIR AS

BIR AS er eit av Noregs største renovasjonsselskap, og har ansvar for avfallshandteringa til dei 325 000 innbyggjarane i dei ni eigarkommunane Askøy, Bergen, Fusa, Kvam, Os, Osterøy, Samnanger, Sund og Vaksdal. Selskapet tilbyr også avfallsløysningar for næringslivet.

Sidan 2002 har BIR vore organisert som eit konsern med eigedomsdrift og fellestenester plassert i morselskapet, og saman med dotterselskapa gjev eit komplett tenestetilbod innan avfallshandtering.

BIR AS er eit holdingselskap. Det er oppretta driftsselskap som utfører dei lovpålagte oppgåvene. Det er egne driftsavtaler mellom BIR AS og dotterselskapa for å utføra dei tenester BIR AS etter aksjeeigaravtalen er forplikta til å gjennomføra overfor eigarkommunane.

Organiseringa er ikkje ulik mange andre aksjeselskap i eit konsern. Det som er spesielt for BIR, er at konsernet har ein tydeleg todelt struktur, delt mellom offentlege lovpålagde renovasjonsoppgåver og konkurranseutsette tenester.



### Offentlege renovasjonsoppgåver

Føljande heileigde selskap utfører på vegne av morselskapet BIR AS dei lovpålagde oppgåvene:

- **BIR Avfallsenergi AS.** Driftselskap som skal sikra behandling av avfall
- **BIR Privat AS.** Driftsselskap som skal stå for oppsamling og innsamling av avfall i alle BIR kommunane
- **BIR Transport AS.** Driftsselskap som skal stå for innsamling av avfall i Bergen kommune.
- **BossNett AS.** Har ansvar for utbygging og drifting av røyr- og vakuumbasert bossnett for renovasjon i Bergen sentrum..

#### Konkurransetsette tenester

BIR har følgjande selskap som tilbyr sine tenester i konkurranse med andre tilbydarar.

- **BIR Bedrift AS** er 100% eigd av BIR AS og tilbyr avfallsløysningar for næringslivet
- **TH Paulsen AS** er 100% eigd av BIR Bedrift AS og selskapet driv med mottak og behandling av avfall
- **Retura Vest AS** er 50 % eigd av BIR Bedrift AS. Selskapet leverer avfallstenester til næringslivet
- **Bossug AS** er 50 % eigd av BIR AS. Bossug er eit moderne og fremtidsretta system for avfallshåndtering

I tillegg har BIR eigarinteresser i følgjande selskap. BKK Varme AS, Rekom AS, Retura AS og Retura NoMil AS

#### Vurdering:

Det er kalla inn til eigarmøte og ekstra generalforsamling i BIR 23.feb der val av valnemnd og endring av vedtektene står på dagsorden.

Ordføraren meiner det er rett å oppnemne valnemnd slik styret i BIR AS ønskjer, og ber formannskapet om å få fullmakt til å stemma for dei vedtaksendringar som må til for å få på plass ei valnemnd. Fusa kommune føreslår samansettinga av valnemnd blir som alternativ 2.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
021/12	Formannskapet	22.02.2012	HSV

**Sakshandsamer:** Hans S. Vindenes

**Arkivsaknr** 11/1507

## INVITASJON TIL DELTAKING I SELSKAPET HARDANGERVEGEN AS

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram til handsaming, sjå saksutgreinga.

### Saksframstilling:

Vedtaksmynde:  
Formannskapet/evt. kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.02.2012	VEDTEKTER FOR HARDANGERVEGEN AS	38134

Ikkje vedlegg:

### Faktiske opplysninger:

Fusa kommune har fått invitasjon til å vera med i Hardangervegen AS. Dette er eit selskap som har til føremål å byggja eit effektivt og raskt vegsamband mellom Odda – Bergen.

Selskapet har til no for det meste hatt fokus på ei sak – realisering av Jondalstunnelen - som snart er ferdigbygd, og skal opnast 1.september 2012. Selskapet har i den seinare tid også arbeidd mykje med Rv 13 gjennom Oddadalen, og vegsystema gjennom Odda mot Folgefonntunnelen.

Målsetjinga til Hardangervegen AS er meir enn Jondalstunnelen. Vedtektene for selskapet fastset det endelege målet i form av.

- Eit mest mogeleg effektivt og raskt samband Odda –Bergen via Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen
- Utbetring av tilføringsvagar til dette vegsambandet.
- Ei best mogeleg oppkopling mot ferjefri kyststamveg E39 og E134 over Haukelifjell.

Arbeidet med NTP 2014-23 er no godt i gang. Det er store forventingar til at både ferjefri kyststamveg og nye tunnelar (Røldalstunnel og Haukelitunnel) på E134 vil bli prioritert i denne veg perioden. Arbeidet til Hardangervegen AS vil derfor dei neste åra hovudsakleg vera konsentrert om 3 punkt:

- Arbeida for at den indre trase for E39 blir valt, og tidelegst mogeleg realisering av prosjektet.
- Bidra til at dei nye planlagde tunnelane på E134 held den prioriterte plassen sin i høve til NTP, og arbeida for tidlegast mogeleg realisering i vegperioden 2014-23..
- Arbeida for vegsamband mellom Jondalstunnelen og E39.

I alle desse prosjekta har Hardangervegen AS og Fusa samanfallande interesser.

### Økonomi.

Hardangervegen AS ønskjer no å invitera med nye aktørar som har samanfallande interesser og mål. Hardangervegen AS ynskjer derfor Fusa kommune med i selskapet på lik linje med kommunane Kvam, Jondal og Odda og som eig 250 aksjar kvar. For denne aksjeposten har kvar kommune skote inn kr 50 000, som er likt fordelt mellom aksjekapital og overskotsfond. Kommunane Kvam, Jondal og Odda eig i dag til saman 750 av 1826 aksjar. Samnanger kommune eig 10 aksjar, og resten er fordelt mellom andre firma og privatpersonar i heile regionen.

Årleg driftstilskot til selskapet har variert over tid. Det er basert på ei fordeling mellom kommunane kor 25% har vore likt fordelt, 45% har vore fordelt etter folketal og 35% etter kva aktualitet det ein arbeider med er vurdert å ha for kvar kommune. Kva det årlege driftstilskotet for Fusa vil bli i framtida er vanskeleg å sei nøyaktig, men ein må rekna med mellom kr 50.000 – 100.000 alt etter kva prosjekt ein arbeider med. Driftstilskotet frå kommunane sidan oppstart i 1998 til no har vore: Kvam kr 1.463.000, Odda kr 1.912.000 og Jondal kr 897.00.

### Vurdering:

Det er mykje som tyder på at Fusa i framtida vil vera sentralt plassert i mange samferdesprosjekt. Fusa kommune er i dag med i Haukelivegen AS og Sunnhordlandssambandet AS (Tidlegare Tynesbrua AS) Dette er selskap som arbeider med samferdselsprosjekt som Fusa kommune er opptatt av. Også arbeidet Hardangervegen AS gjer er av stor interesse for oss. Det å knyta saman den ferjefrie kyststamvegen med aust-vest sambandet over Haukeli via Jondalstunnelen og er noko Fusa kommune har støtta i lang tid. Men på kort sikt er vegen via Gjermundshamn / Årsnes den viktigaste vegen mot austlandet for oss i Fusa. Skal Fusa kommune bli med i Hardangervegen AS må det vera eit krav at selskapet også arbeider for å utbetra Fv 551 mellom Årsnes og Folgefonntunnelen. Kommunane Kvam, Jondal og Odda har fast plass i styret. Det er noko Fusa kommune også må krevja dersom ein går inn i selskapet.

Fusa kommunestyre har vedteke investerings- og tilsettingsstopp. Med dette som bakgrunn bør formannskapet diskutera kostnad opp i mot nytte med å vera med i Hardangervegen AS. Driftstilskotet til dette selskapet blir vesentleg høgare enn kva me betaler til AS Haukelivegen, som er kr 19.000 for 2012. Sunnhordlandsambandet krev ikkje inn driftstilskot frå eigarane.